Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bø

Emne: Brynet

Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Nordbø.

Gard: Nordbø.

(adresse): Bø Telemark

G.nr. 54 Br.nr. 8 og 10

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eiga røynsle ~~supplert~~ med andres røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1/ Me seier brynestein.
2/ Me brukar både naturstein og kunststein.
Før var det naturstein. Dei fekk afse stein frå Eidsborg. Det var folk som for og selde brynestein.
3/
Finare bestjerarknivar blir berre brynt. Elles er det vanleg å slipe først. Så bryner dei rett vroa som legg seg på eggen.
4. Når ljåen blei for tykk i eggen laut dei tynne han og håle (herde) han. Og så bryne han.
Dei hadde ein ambolt (sminste) som dei kalla metkleste.
Det er ei rand (bakke) i övre kant av ljåen som dei slo ut på metkestedet. Sigd og skjäru blei slipa og brynt (grusst).
Mange stader hadde dei smiu på gardane og smia sjölve. Elles laut du til smeden.

180

Ein gard i Bø heiter Smeddstad. Der hadde så gløpe smeder.
Det er au andre stadnamn som fortel om smedhandverket, t.d. Smeholune og Smehaugen på Nordbø i Bø.
Når ein mann var hitkendt sa dei han hadde smefingar.
Slagg dei fann i jorda der smie stod eller hadde stade kalla dei smiusinder. Det var klumpar som såg ut som jarnklumpar.
Når dei gamle smedane halde (herda) og dei hadde jarnet i avlen, la dei merke til leten når dei skulle ha det i hørslevatne. Det skulle vera „kvann mellelått å havregult"
Dei brukte au noko dei kalla „hornhørsle" (ɔ: hornherdsle). Dei hadde horn i avlen og smurde på jarnet og sveisinga.
Dei hadde au dei kunne få jarn til teli stål. Då la dei hår, klauver o.s.b. kring jarne i avlen. (Plent det same troll-kjeringane hadde i trollposane sine)
Når same folk var i smida, fekk ikkji smeden det til å sveise. Same bruka „buras-sveising". (Buras er kanskje det same som baraks?)



[redacted] ETNOLOGISK GRANSKING

5/ Fyrr dei fekk slipesteinar bruka dei nokre store, flate steinar dei kalla sennui som dei skaut ljå og eggjarn på (i: drog dei att og fram.)
Dei slipa heime, men folk som hadde utslåttar eller slåttestølar kunne ta med seg slipestein.

7/ Til å bryne ljåen og på kvass og bruka dei ljåstikke:



Ho var ofte av morkin or og eik.
Det hende dei klinde tjyru på ljåstikka, eller dei klinde på slipesteingrut som låg att i slipesteinkupa.
Ljåstikka bar dei med seg ut på slåtteteigen. I knikken som var i ljåorvet (det dei heldt i når dei slo) var det hola inn så handtaket i ljåstikka fall inn i.
Så bryne dei når dei hadde steinhogge eller ljåen blei utskjemt.
I dogga gråtidleg om morgonen, i otta, var det godt ljåbet, difor var dei gråtidleg ute og slo.
Dei gjikk i skåregang og slo og svinga seg. Og gjentene breidde skårane.
Tyngast var det å slå finn (som veks på myrar). Dei sa at finnen reiste seg opp att og spurde nakken det var som slo.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8) Folk tok alltid av ljåen når dei slepa han.
Dei held eggen mot seg når dei slipar. Men dei kan nok slipe stuttljåen når han er på orvet.

9) Når dei bryner set dei eine enden av ljåen i bakken med den enden som ljåen stend i opp. Dei legg venstre handa over ljåen som peikar frå dei. Med høgre handa fører dei brynstein eller ljåstikka etter eggen og kvesser han opp.
Skaftorven held dei ofte fast mellom knea når dei bryner.

10) Kopp til å bera brynet i brukar dei ikkje her, men dei har kan-hende gjort det før. I fjella kallar dei det brynsleholk.

13) Dei brukar ofte vatn på brynet. Elles sputtar dei au på steinen når dei bryner. Det hender nok da dei seier: tvi.

14) Steinmjølet som fell av slipe-steinen kallar dei slipe-steingraut.

15) Eg har høyrt gifte dei har bruka slik slipegraut mot ringorm. Det var lækje-dom i det.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Vrakin på Ljåin kallar dei tjågje. Der er ein pigg som fell inn i eit hol i orvet. Omkring tjågje surra dei bast. Det var bast (bork) av lind. Kanskje kunne dei òg bruka anna bast.
Når bastet var reina rundt tjågje og orvet sla dei i ei treepinne i kvar ende av bastet (tjåspeiñune dei kalla) så ljåin skulle sitta stødt og godt.
Tjåbaste hadde dei jamlegg liggande i slipesteinkupa så det heldt seg smjukt og godt. Det kan eg godt huga. Det er ikkje meir enn 30 år sea og snaut nok det. Some gjer det vel ennå, trur eg.
Til ljåorve fann dei stundom emne med sjølvvaksne vrak eller knikk på.
Elles gjekk det nok òg an å felle i ein knikk til å halda handa i.
Some smear drakk brennevin når dei hålde (herdsla) eggen.
Dei tala om „goe eggsmear" og om å slipe te „eggas". Då blei „ljåin gvass" og beit godt.
Dei talar om „eggjårn" og om „ådde å egg".


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det gjeng gjetord og segn om ei kone her i Bø som breidde for 7 slåttekarar, og enda gjekk ho ein lang veg heim om kvelden. Da kvilde ho oppe i fjellet. Det heiter Mettes støl den dag i dag. Elles var no ikkje det vanleg ålag. Tiller 4 var nok å breie for. Endå hadde kvinnfolka full sjau.

Og syns hugse 4 mål var vanleg ålag å slå for ein kar. Men Gunnulv Nordbø (f. 1819, d 1901) sla iallfall 7 mål åker om dagen.

Det heitast som kunde slå av tussar og undergjardiske.

Der dei har slegi og stubbane stend att seier dei at ljåstubben stend att. Det som stend att kallar dei ljåstubben.

Dei talar om slåttonn, slåttekar, slåtteteig, slåttefolk, slåttestule, utslåttar.

Dei kallar det å „rompslipe ljåen", ikkje ell. a. når dei slipar to egg-sidene blir kaunepse (o: bålne)

Dei talar om å „bryne seg på ein" når dei hengjer på folk, er nærsikkar og freistar på til krangel og uvenskap.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
180

ved Olav Nordbø, Bø Telemark. 7

# Tillegg om brynet.

Det hende når dei var i fjella at dei for om Heidsborg og kom heim att med fulle sekkjer av brynesteinar, som dei selde eller gav bort.

Dei meinte brynesteinen blei betre når han låg i myrgjord.

Sjåstikka banka dei i maurtuva. Da vart ho betre å bryne med.

Oppe på heiane brukar dei brynslekolk, som var ein trekopp med vatn i. Kring koppen reiva dei never (never-strimler).

Dei hadde ofte ein krok i kolken som dei hengde på ei reim dei hadde kring livet.

Tvio! sa dei når dei sputta på brynesteinen.

Oppi heia hekk dei gamle skikkane ~~...~~ lenger att, og så bruka dei meir stuttorv og stuttljå; difor trong dei au betre brynslekolk.

Stein blei au kalla grat; det var hardt grat og blautt grat.

Eldgamle brynesteinar ein finn kan ofte vera rundaktige, og på some var dei ofte bruka tunnsida av steinen å brynt med så dei kan vera innhola.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
180
22.3.47.